

Saksliste årsmøte NYK mandag 10. februar 2025 kl. 20

<https://join.skype.com/JBzSVi8tlq50>

1. Godkjenne frammøte og møteinnkalling
2. Valg av ordstyrer, referent og to til underskriving av protokoll
3. Ta stilling til Styrets beretning og regnskap for året som er gått og vurdere dets arbeid.
4. Ta stilling til de fremlagte forslag fra Styret eller medlemmene. Alle forslag som forplikter NYK eller dens økonomi, skal være gjort kjent gjennom møteinnkallelsen.
5. Godkjenne budsjett for kommende år.
6. Fastsette medlemskontingent for kommende år.
7. Ta stilling til hvilket NM-format styret skal prioritere i dialogen med potensielle arrangører
8. Velge Styre og gi det de nødvendige fullmakter. Styreleder velges av årsmøtet ved separat valg.
9. Velge revisor og ny valgkomite
10. Framlegg til endring i lover

Innstilling frå styret:

- Uendra medlemskontingent (kr. 300/100)
- Ingen lovframlegg

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2024

Ordinært årsmøte i NYK 19. februar 2024 (Skype) valde nytt styre med Ronny Rognhaugen som leiar og Arne Mølsted (Gjøvik) som revisor. Styret er uendra frå 2023, bortsett frå at Øyvind Pedersen (Trondhjems) no er ute etter 25 år. Styret konstituerte seg sjølve på fyrste styremøte og har sidan hatt denne arbeidsdelinga:

Leiar, kasserar og sjefsmålar Ronny Rognhaugen (Vågsbygd)
Nestleiar Dirk Nolte (Trondhjems)
PR og informasjonsansvarleg Kjell Eirik Henanger (Askøy)
Sekretær Jon Mikael Bjørklund (Gjøvik)
Varamedlem Chris Skogen (Askøy) og Christian Jaksjø (Færder/KNS)

Styret har gjennomført fem styremøte i perioden: 8. april, 10. juni, 5. august, 14. oktober i 2024 og 20. januar 2025. Rekneskapen er avstemd med Nordea og godkjend av revisor. Det vart eit underskot på kr. 2.804. Innestående på bankkonti var 83.413 ved årsskiftet, mot 86.217 førre år. Nytt av året er eigen sparekonto for å få rente på innskottet.

VM 2024 gjekk føre ved Gmunden i Austerrike allereie 18-25. mai. Av 48 båtar var det to norske frå Askøy/Bergen som tok den lange vegen. NOR 405 Fetter Fart var tittelforsvarar og fekk fylgje av NOR 261 Hoy Hoy! og vart 13 og 15 til slutt. Stort sett lett vind, store vindhol og usystematiske skift gjorde det vanskeleg å hevda seg heilt i toppen samanlagd, men mykje bra segling innimellom. På årsmøtet til IYA fekk Chris Skogen og Torbjørn Halvorsen frå NOR 404 Team Guffen tildelt heidersprisen «Chris and Jan Harper Trophy for Yngling Publicity» for sitt arbeid for Ynglingklassen på Askøy og i Noreg.

NM 2024 var på Fjærholmen (Tønsberg) 17-18. august saman med Soling og 2,4. Det vart 10 fine løp i ein ganske frisk bris frå sør-vest, og det er lenge sidan me har hatt eit like bra NM felt. Totalt 20 båtar inkludert NED 350 gjer at me framleis ikkje klarte å bikka 20 norske. Vinnaren vart som i 2019 og 2022 NOR 354 Hotline. Seks frå Bergen, ein frå Kristiansand og ein frå Gjøvik kvalifiserte for reisestøtte medan resten var frå Horten/Tønsberg/Hvasser.

Aktiviteten har vore stigande dei siste åra og det har vore stabil omsetting av Ynglingar. Dei fleste båtane på Finn er oppussingsobjekt. Medlemskontingent (300/100) har vore uendra dei siste åra. Medlemstalet tok seg kraftig opp i 2023 med 94 betalande medlemmar, men falt attende til 79 i 2024. Det er stabilt for A-medlemmane (43), men varierer meir for B-medlem, truleg pga. deltaking i NM eller ei. Båtregisteret vert stendig oppdatert med nye og hittil ukjende Ynglingar. Det er registrert ein «ny» båt i 2024; NOR 423. Totalt finst det 308 båtar i registeret, som tilseier at drygt 100 har ei hittil ukjend historie. Styret treng hjelp med oppdatering om feil, eigarskifte m.m. Lista ligg på <http://yngling.no/batregister/>

NM 2025 er på Askøy 21-22. juni og VM 2025 vert 18-25. juli i Oosterschelde, heilt sør i Nederland. NM 2026 vert mest truleg i Kristiansand eller Trondheim i slutten av juni. VM 2026 er på Askøy 1-8. august.

Sjå vedlegg 1 for fullstendig rekneskap 2024, og framlegg til budsjett for 2025.

For styret
Ronny Rognhaugen, 21. januar 2025.

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2024

Vedlegg 1: Årsrekneskap 2024 og budsjett 2025 (før revisjon og signering)



Norsk Ynglingklubb

	Rekneskap 2024		2024	2024	
	31.12.2023	31.12.2024	Budsjett	Budsjett	
Inntekter					
Fullt medlemskap (43) - 1	13 200	12 900	12 000	12 000	40*300
Støttemedlem (36) - 14	5 000	3 600	4 000	4 000	40*100
Båtregister	1 300	650	1 000	1 000	
Diverse	340	272	1 000	1 000	
Renteinntekt	25	1 519	0	3 000	
Sum inntekter	19 865	18 941	18 000	21 000	
Kostnader					
Profilering og rekruttering	0	0	2 000	2 000	NM/VM
IYA avgift	8 652	8 200 36 stk. à 20 €	7 920	8 300	36*230
Porto	738	354	0	0	
Rekvisita	0	0	0	0	
Reisestøtte	6 368	12 960 Note 1	10 000	10 000	NM/VM
Premiering NC	0	0	0	0	
Diverse	63	59	100	100	
Bankgebyr	155	172	100	200	
Sum kostnader	15 976	21 745	20 120	20 600	
Resultat	3 889	-2 804	-2 120	400	
Balanse					
Kasse	0	0			
Bank	86 217	83 413			
Sum egenkapital	86 217	83 413			
Avgiftsmerke segl	0 stk.	0 stk. à 35 €			
T-skjorter	11 stk.	11 stk. à 50 kr.			
Y-pins	51 stk.	51 stk. à 50 kr.			
Y-buff	4 stk.	4 stk. à 100 kr.			

1) Reisestøtte NM 2024: 6xBergen, 1xKristiansand, 1xGjøvik.

Ronny Rognhaugen
Leiar

Arne Mølstad
Revisor